

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 46/2006

av 28. april 2006

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 23/2006 av 10. mars 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2005/63/EF av 3. oktober 2005 om retting av direktiv 2005/26/EF om lista over næringsmiddelingsrediensar eller stoff som er mellombels utelatne frå vedlegg IIIa til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/13/EF⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XII nr. 54zuz (kommisjonsdirektiv 2005/26/EF) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32005 L 0063**: Kommisjonsdirektiv 2005/63/EF av 3. oktober 2005 (EUT L 258 av 4.10.2005, s. 3).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2005/63/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 147 av 1.6.2006, s. 36, og EØS-tillegget til TEU nr. 28 av 1.6.2006, s. 8.

⁽²⁾ TEU L 258 av 4.10.2005, s. 3.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. april 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 28. april 2006

For EØS-komiteen

R. Wright

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.